Representantskapsmøte i Vestland Arbeidarparti

Røysteføre: Antall: 90 Total stemmeliste: 95

24.10.2026

Sak 1 – Møtetekniske saker

a) Godkjenning av innkalling

Vedtak: Innkallinga vart godkjend.

b) Godkjenning av arbeidsordning for møtet

Vedtak: Arbeidsordninga vart godkjend.

c) Val av dirigent

Vedtak: Torgeir Næss vart vald.

d) Val av sekretær

Vedtak: Shirin Kvernes Khadoor og Stig Morten Frøiland vart valde.

e) Val av teljekorps

Vedtak: Michael Iversen, Doris Myhre Christensen og Marit Bjørneklett vart valde.

Sak 2 – Innleiing ved statsråd Kamzy Gunaratnam

a) Politisk debatt etter innleiinga til statsråden

Talarliste:

Vidar Solvi, Ullensvang Arbeiderparti

Erlend Lunde, Sogndal Arbeiderparti

Jan Træen, Stryn Arbeiderparti

Linda Kjosaas, Bjørnafjorden Arbeidarparti

Leif-Erik Senneset, Bremanger Arbeidarparti

Morten Jensen, Bjørnafjorden Arbeidarparti

Geir Steinar Dale, Arbeiderpartiet i Bergen

Lillian Vangberg, Vestland

Hilde Hoel, Arbeiderpartiet i Bergen

Håkon Myrvang, Sunnfjord Arbeiderparti

Henriette Mori, Bjørnafjorden Arbeidarparti

Roy Egil Stadheim, Vestland

Fauzia Hussain-Wiik, Arbeiderpartiet i Bergen

Ulvar Akselsen, Stord Arbeiderparti

Sandra Valskog, Austevoll Arbeiderparti

Malvin Stenehjem, Årdal Arbeiderparti

Even Sørland, Arbeiderpartiet i Bergen

Per Jarle Kosier Valvatne, Stord Arbeiderparti

Jannicke Clarke, Askøy Arbeiderparti

Bernth Eliassen, Kvinnherad Arbeiderparti

Nina Bognøy, Alver Arbeiderparti

Torgeir Næss, Kvam Arbeiderparti

Jeron Joseph, Arbeiderpartiet i Bergen

Even Sørland, Arbeiderpartiet i Bergen

Kjetil Daatland, Arbeiderpartiet i Bergen

Sak 3 – Fråsegn frå redaksjonskomiteen

Leiaren av redaksjonskomiteen la fram innstillinga frå komiteen. Redaksjonskomiteen var den same som på årsmøtet.

June Gruer/Linda Merkesdal, Stortinget
Benjamin Jakobsen (leiar) Styret
Roy Egil Stadheim, Vik
Fauzia Hussain-Wiik Bergen
Øyvind Gill Bergen
Camilla Landro Bremanger
Ulvar Akselsen Stord
Henriette Lien Bjørnafjorden
Sigurd Aakre AUF

Redaksjonskomiteens innstilling til representantskap 24. oktober 2026

Redaksjonskomiteen har teke utgangspunkt i dei innkomne forslaga til årsmøtet til Vestland Arbeiderparti som vert oversendt til representantskapet.

Redaksjonskomiteen meiner at alle forslaga, nummer 124, 130, 131, 135, 141, 142, 143, 144, 146, 156, 158, 161, 164, 169, 170, 219, er heilt eller delvis ivaretatt gjennom dei forskjellige uttalene.

Framlegg 1: Arbeidet fram mot rulleringa av Nasjonal transportplan

Samferdselspolitikken er eitt av dei viktigaste verkemidla våre for å sikra at folk kan leva gode liv, arbeida og skapa verdiar i heile fylket vårt. God infrastruktur skapar moglegheiter for folk og verksemder, medan dårleg infrastruktur bidreg til det motsette. Smale og rasutsette vegar, kapasitetsutfordringar i og rundt Bergen, manglande fastlandssamband og dårleg vedlikehaldne fylkesvegar skapar store utfordringar for Vestland og hindrar naudsynt utvikling. Difor er Nasjonal transportplan viktig for Vestland.

Våren 2028 skal Nasjonal transportplan rullerast. For Vestland Arbeidarparti er det viktig å senda tydelege signal om kva prinsipp som skal liggja til grunn, og kva prosjekt som skal prioriterast. Vestland Arbeidarparti meiner at dette krev ein god og grundig prosess med solid forankring i kommunepartia.

Vestland Arbeidarparti vil:

- At fylkesstyret fremjar forslag om å oppretta ein eigen redaksjonskomité som skal utarbeida forslag til Vestland Arbeidarparti sine innspel til rulleringa av Nasjonal transportplan. Komiteen vert vald på representantskapsmøtet i november.

- At fylkesstyret fremjar forslag om ein eigen plan for NTP-prosessen fram mot rulleringa i 2028. Prosessen bør samordnast med Samferdselsdepartementet sin plan for arbeidet med NTP og sikra brei forankring og involvering av kommunepartia. Planen må leggjast fram for representantskapsmøtet i november.

Framlegg 2: Ein samanhengande E16 (K5) og riksveg 13
Tek i vare framlegg: 169, 219

Vestland Arbeidarparti støttar realiseringa av K5 Arna–Stanghelle. Prosjektet er avgjerande for å styrkja tryggleiken, betra framkoma, sikra beredskapen og leggja til rette for verdiskaping i regionen. Vestland Arbeidarparti forventar og vil arbeida for rask framdrift i gjennomføringa.

Samstundes må utbygginga sjåast i samanheng med det vidare transportbehovet i regionen. Vidareføring av K5 heilt til Voss og realisering av Vikafjellstunnelen vil styrkja eit samanhengande og trygt transportnett mellom Bergen, Voss og Sogn. Prosjekta vil redusera sårbarheita i vegnettet og betra vilkåra for innbyggjarane og næringslivet. På årsmøtet i 2023 fatta Vestland Arbeidarparti følgjande vedtak om rv. 13: «Utbetring av rv. 13 for å knyta indre Vestland saman. Dette inneber vidare reguleringsarbeid for Vikafjellstunnelen.»

Vestland Arbeidarparti støttar vidare planlegging og ønskjer realisering av begge prosjekta i tråd med tidlegare årsmøtevedtak.

Framlegg 3: Ein trygg og framtidsretta ferjefri E39 for heile Vestland

Tek i vare framlegg: 124,130,131,135,141,158

Vestland Arbeidarparti vil ha ein trygg, moderne og framtidsretta E39 som bind Vestlandet tettare saman og bidreg til utvikling i heile fylket. Gode vegar og eit velfungerande samferdselstilbod er viktig for busetjing, næringsliv og arbeidsplassar i både byar og distrikt. Kortare reisetid, betre trafikktryggleik og styrkt beredskap skal koma heile Vestland til gode.

For Vestland Arbeidarparti er tryggare vegar, rassikring og utbetring av eksisterande vegar viktige prioriteringar. Vi vil utvikla eit samferdselstilbod som bind heile fylket betre saman, reduserer skilnadene mellom by og distrikt og legg til rette for busetjing og verdiskaping. Samstundes skal samferdselspolitikken bidra til å nå klimamåla våre.

Ferjer og hurtigbåtar vil framleis vera viktige for folk og næringsliv i Vestland. Vi vil sikra eit godt, rimeleg og miljøvenleg tilbod i heile fylket. Staten må ta ansvar for meirkostnadene ved overgangen til null- og lågutsleppsløysingar, slik at dette ikkje fører til dårlegare rutetilbod.

Vestland Arbeidarparti står fast ved målet om ein opprusta og ferjefri E39 med gode koplingar til andre område i fylket. Samtidig må vi velja løysingar som tek omsyn til økonomi, natur, klima og behova til innbyggjarane. Store investeringar i samferdsel skal gje mest mogleg nytte og bidra til vekst og utvikling i heile fylket.

Det er snart 15 år sidan Høgre-regjeringa gjekk inn for lang brukryssing over Bjørnafjorden. Sidan den gong har kostnaden auka betrakteleg. Løysinga er teknisk svært komplisert, med store naturinngrep. Samtidig er prosjektet dimensjonert ut frå ein stor trafikkvekst som både utfordrar overordna mål for samferdslepolitikken og vil overbelaste vegsystemet i og rundt Bergen. I tillegg kjem den endra verdssituasjonen, med meir vekt på forsvar og beredskap, strammare budsjett og hardare prioriteringar.

Det kan difor vere klokt å sjå nærare på om alternative løysingar kan gje eit betre samla resultat. Ein indre trasé, eventuelt i samanheng med arm til Bergen og med meir fleksibel vegstandard der trafikkgrunnlaget tilseier det, kan bidra til lågare kostnadar og mindre naturbelastning. Ein indre trasé kan også gi sterkare regionalt fellesskap mellom bo- og arbeidsmarknadane i Bergen, Sunnhordland og Hardanger. Moglegheit for trinnvis utbygging kan gi meir handlefridom og samfunnsnytte undervegs.

Vestland Arbeidarparti ber difor regjeringa leggja til rette for at Statens vegvesen vurderer indre trasé for ferjefri E39 i lys av ny kunnskap, nye vegnormalar og moglegheiter for nedskalering før det vert teke endeleg stilling til traséval. Dette kan gjerast gjennom ein silingsrapport der indre trasé vert samanlikna med den planlagde løysinga. Vurderinga må omfatta kostnader, natur- og miljøinngrep, trafikkgrunnlag, trafikktryggleik og teknisk risiko.

Årsmøtet til Vestland Arbeiderparti gjekk allereie i 2022 inn for utgreiing av ferjefri E39 langs indre trasé, og ei nærare vurdering vil kunna følgja opp dette. Ei oppdatert vurdering av indre trasé skal gi eit betre grunnlag for å velja den beste løysinga. Målet er å byggja rett veg, på rett stad og til ein forsvarleg kostnad, slik at samferdselsinvesteringane bidreg til utvikling i heile fylket.

Dissens:

Fleirtalet i komiteen, June, Fauzia, Øyvind, Henriette, Camilla og Sigurd innstiller på at linje 65-87 er ein del av uttalen.

Mindretalet i komiteen, Benjamin, Ulvar, Roy Egil ønskjer å stryka linje 65-87 frå uttalen

Framlegg 3 – støttar fleirtalet i redaksjonskomiteen

For	37
Mot	44
Ikkje røysta	3

Vedtak: Framlegget frå fleirtalet fall

Framlegg 4: Mindre kø og betre trafikkflyt med E39 Vågsbotn–Klauvaneset (Nordhordlandstunnelen)
Tek i vare framlegg: 146, 170

Vestland Arbeidarparti er glade for at Vestland Arbeidarparti har løfta utbygginga av Ringveg aust: Vågsbotn–Klauvaneset høgt i Nasjonal transportplan. På årsmøtet i 2025 vart følgjande vedtak fatta: «Prosjektet Vågsbotn–Klauvaneset skal sikrast oppstart så snart reguleringsplanen er ferdig vedteken.»

Utbygginga av Ringveg aust, Vågsbotn–Klauvaneset (Nordhordlandstunnelen), vil gje auka trafikktryggleik og betre framkome og bidra til å binda saman Bergen og Nordhordland. Nordhordlandstunnelen langs E39 er mange år på overtid.

I 40 år har lokalbefolkninga hatt fire årlege aksjonar for tryggare veg. Vegstrekninga har dårleg vegstandard og ei breidd på under seks meter og bind saman store næringsområde i Bergen og Vestland. Stor trafikk og tungtrafikk, med om lag 25 000 bilar i døgnet, er langt meir enn vegen er dimensjonert for. Bergensregionen har godt vegsamband sørover. Det nye Sotrasambandet vil gje betre trafikkflyt mot vest, og fellesprosjektet E16/Bergensbanen vil styrkja samferdslesambandet austover.

Nordhordlandstunnelen, saman med ein ny Fløyfjellstunnel, er naudsynt for å styrkja vegsambandet nordover frå Bergen, ein av dei mest trafikkerte delane av kyststamvegen E39. Nordhordlandstunnelen har svært mykje å seia for dei som bur langs strekninga, fordi det er mykje kø og mangel på omkøyringsvegar. Dette er òg utfordrande med tanke på beredskap, då utrykkingskøyretøy ikkje kjem fram.

Framlegg 5: Ein opprusta E39 nordover og ei betre riksveg 5
Tek i vare framlegg: 142, 143, 144, 161

Vestland Arbeidarparti vil arbeida for eit heilskapleg løft av vegnettet i Sunnfjord, der rv. 5 Førde–Naustdal, E39 Kusslid–Moskog, Bruland–Storehaug med Hafstadfjelltunnelen og E39 Bogen–Sunnfjord grense inngår som sentrale delar. Utbyggingane må sjåast i samanheng og prioriterast slik at dei utfyller kvarandre, styrkjer samanhengen i vegnettet og gjev størst mogleg nytte for innbyggjarane, næringslivet og regionen som heilskap.

Tryggare vegar, fjerning av rasfare på utsette strekningar og færre vegstengingar er avgjerande for både samfunnstryggleiken og næringslivet. Gode samband til sjukehus og pålitelege vegar for naudetatane må vega tungt. Ei opprusta E39 og rv. 5 er difor viktig for Vestland Arbeidarparti.

Framlegg 6: Ein E134 som bind landet saman
Tek i vare framlegg: 156 og 164

E134 er ein svært viktig del av infrastrukturen i fylket vårt, både for folk og næringsliv. Vegen bidreg til å binda saman eit større bu- og arbeidsmarknadsområde og knyter dei sørlege delane av Vestland til andre delar av Noreg og Europa. Utbetring av E134 er forankra i årsmøtevedtak frå 2023 og 2025.

E134 har ein stor del næringstransport, noko som understrekar behovet for trygge og gode vegar som kan brukast heile året. Vestland Arbeidarparti meiner difor at ein bør arbeida for ein lang tunnel under Haukelifjell som ei ny E134-løysing. Ei slik løysing vil òg sikra trekkområdet til villreinen.

Samstundes fører den store trafikken med tungtransport til behov for traséendringar som skånar sentrumsområda. Vestland Arbeidarparti meiner difor at planlegginga av delprosjektet Bakka–Mo må utvidast til å omfatta strekninga Mo–Fikse, slik at tungtransporten kan gå utanom Etne sentrum.

Redaksjonskomiteen føreslår at ein vedtek innstillinga, og at forslaga følgjer den vidare prosessen fram mot rulleringa av Nasjonal transportplan. Styret får fullmakt til å gjera redaksjonelle endringar i forslaga.

Talarliste:

Benjamin Jakobsen, Hordaland

Fauzia Hussain-Wiik, Arbeiderpartiet i Bergen

Torgeir Næss, Kvam Arbeiderparti

Per Jarle Kosier Valvatne, Stord Arbeiderparti

Tor Helge Tjemsland, Ullensvang Arbeidarparti

Stian Davies, Askøy ap

Strek vart sett kl. 14.30

Torgeir Næss, Kvam Arbeiderparti

Jannicke Clarke, Askøy Arbeiderparti

Benjamin Jakobsen, Hordaland

Leif-Erik Senneset, Bremanger Arbeidarparti

Even Sørland, Arbeiderpartiet i Bergen

Linda Monsen Merkesdal, Voss Arbeiderparti

Ulvar Akselsen, Stord Arbeiderparti

Linda Kjosaas, Bjørnafjorden Arbeidarparti

Bjarte Tjensvoll, Bømlo Arbeiderparti

Jan Træen, Stryn Arbeiderparti

Geir Steinar Dale, Arbeiderpartiet i Bergen

Framlegg fremja i debatten:

#1

Tor Helge Tjemsland, Ullensvang Arbeidarparti

#1 Dok. 2 § 3 – Tillegg om rv. 13 [Vedteke]

Opphavleg tekst
Vestland Arbeidarparti støttar vidare planlegging og ønskjer realisering av begge prosjekta i tråd med tidlegare årsmøtevedtak.

Framlegg
Vestland Arbeidarparti meiner òg at det krevst utbetring av rv. 13 sørover gjennom den sterkt trafikkerte Oddadalen. Trafikken aukar år for år, og i sommarsesongen er belastninga svært høg, med ei trafikkmengde som tilsvarer over 6 000 køyretøy i døgeret. Denne trafikken vert i stor grad avvikla på ein veg med ein standard som ikkje er i nærleiken av det ein bør kunna forventa av ein riksveg. Dette skapar utfordringar for trafikktryggleik, beredskap og næringsliv. Ein slik situasjon kan ikkje aksepterast, og utbetring av rv. 13 gjennom Oddadalen må verta eit NTP-prosjekt, og vera ein viktig del av den vidare samferdselssatsinga i Vestland.
Vestland Arbeidarparti støttar vidare planlegging og ønskjer realisering av desse prosjekta, i tråd med tidlegare vedtak og vedteken politikk.

Vedtak: Møtet støttar framlegget, og ber det følgje med uttalen

#2

Even Sørland, Arbeiderpartiet i Bergen

#2 § 6 – Framlegg 3: Ein trygg og framtidsretta ferjefri E39 for heile Vestland [Fall]
Fjerna omtale av arm til Bergen

Opphavleg tekst
Det kan difor vere klokt å sjå nærare på om alternative løysingar kan gje eit betre samla resultat. Ein indre trasé, eventuelt i samanheng med arm til Bergen og med meir fleksibel vegstandard der trafikkgrunnlaget tilseier det, kan bidra til lågare kostnadar og mindre naturbelastning. Ein indre trasé kan også gi sterkare regionalt fellesskap mellom bo- og arbeidsmarknadane i Bergen, Sunnhordland og Hardanger. Moglegheit for trinnvis utbygging kan gi meir handlefridom og samfunnsnytte undervegs.

Framlegg
Det kan difor vere klokt å sjå nærare på om alternative løysingar kan gje eit betre samla resultat. Ein indre trasé, med meir fleksibel vegstandard der trafikkgrunnlaget tilseier det, kan bidra til lågare kostnadar og mindre naturbelastning. Ein indre trasé kan også gi sterkare regionalt fellesskap mellom bo- og arbeidsmarknadane i Bergen, Sunnhordland og Hardanger. Moglegheit for trinnvis utbygging kan gi meir handlefridom og samfunnsnytte undervegs.

Vedtak: Framlegget vart ikkje vedteke

Vedtak: Representantskapet vedtek innstillinga, og at forslaga følgjer den vidare prosessen fram mot rulleringa av Nasjonal transportplan. Styret får fullmakt til å gjera redaksjonelle endringar i forslaga.

Etter debatten fekk desse ordet:

Ulvar Akselsen, Stord Arbeiderparti

Even Sørland, Arbeiderpartiet i Bergen

Møtet avslutta: 16:40

Delegater:

Navn	Kommuneparti	Stemmeberettigede
Are Nygård	**Alver Arbeiderparti**	**1 stemme**
Kjell Vangberg	**Alver Arbeiderparti**	**1 stemme**
Nina Bognøy	**Alver Arbeiderparti**	**1 stemme**
Olina Hesjedal	**Alver Arbeiderparti**	**1 stemme**
Alexandra Schonhowd Sørensen	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Andreas Bergmann	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Andreas Mulen	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Anneli Elisabeth Øverland	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Arild Grimastad	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Brage Lomsdalen	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Chris Fauske-Grinde	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Espen Edvardsen	**Arbeiderpartiet i Bergen/Medlem av fylkestingsgruppen**	**1 stemme**
Even Sørland	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Fauzia Hussain-Wiik	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Frode Ellingssen	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Geir Steinar Dale	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Hilde Hoel	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Jeron Joseph	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Johan Blåsternes	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Joril Christensen	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
June Trengereid Gruer	**Arbeiderpartiet i Bergen/Stortingsrepresentant**	**Gjest**
Kine Bratli Dale	**Arbeiderpartiet i Bergen/Medlem av fylkestinsgruppen**	**1 stemme**
Kjetil Daatland	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Lubna Jaffery	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Margunn Rognås	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Mattias Eikeland	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Richard Storevik	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Sebastian Torgersen	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Solveig Skjerve	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**Gjest**
Steak Emilianus	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**

Stella Storry	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Styk Garang	**Arbeiderpartiet i Bergen**	**1 stemme**
Teodor Senneset Heggøy	**Arbeiderpartiet i bergen**	**1 stemme**
Terje Bjaarnes	**Askvoll Arbeiderparti**	**1 stemme**
Stian Davies	**Askøy ap/Medlem av fylkestinsgruppen**	**Talerett**
Helge Jonasdal	**Askøy Arbeiderparti**	**1 stemme**
Jannicke Clarke	**Askøy Arbeiderparti**	**1 stemme**
Wiktor Wikan	**Askøy Arbeiderparti**	**1 stemme**
Kjell Bøe Bjørgum	**Aurland Arbeiderparti**	**1 stemme**
Sandra Valskog	**Austevoll Arbeiderparti**	**1 stemme**
Per Lerøy	**Austrheim Arbeiderparti**	**1 stemme**
Henriette Mori	**Bjørnafjorden Arbeidarparti**	**1 stemme**
Linda Kjosaas	**Bjørnafjorden Arbeidarparti**	**1 stemme**
Morten Jensen	**Bjørnafjorden Arbeidarparti**	**1 stemme**
Leif-Erik Senneset	**Bremanger Arbeidarparti/Medlem av styret**	**1 stemme**
Hilde Eikeland	**Bremanger Arbeiderparti**	**1 stemme**
Bajret Tjensvoll	**Bømlo Arbeiderparti**	**1 stemme**
Tove Aasheim	**Bømlo Arbeiderparti**	**1 stemme**
Benjamin Jakobsen	**Askøy ap/Stortingsrepresentant**	**1 stemme**
Frode Merkesvik	**Høyanger Arbeiderparti**	**1 stemme**
Wenche Røknes	**Høyanger Arbeiderparti**	**1 stemme**
Doris Christensen	**Kinn Arbeiderparti**	**1 stemme**
Oscar Bergheim	**Kinn Arbeiderparti**	**1 stemme**
Linda Jondahl	**Kvam Arbeiderparti**	**1 stemme**
Michael Iversen	**Kvam Arbeiderparti**	**1 stemme**
Torgeir Næss	**Kvam Arbeiderparti/Styret**	**1 stemme**
Bernth Eliassen	**Kvinnherad Arbeiderparti**	**1 stemme**
Wivian Markhus	**Kvinnherad Arbeiderparti**	**1 stemme**
Marit Bjørneklett	**Masfjorden Arbeiderparti**	**1 stemme**
Arve Helle	**Fjaler Arbeiderparti/Medlem av fylkestingsgruppen**	**Talerett**
Shirin Khadoor	**Samnanger Arbeiderparti**	**1 stemme**
Clara Øberg	**Sogndal Arbeiderparti**	**1 stemme**
Erlend Lunde	**Sogndal Arbeiderparti**	**1 stemme**
Maj Brendestuen	**Sogndal Arbeiderparti**	**1 stemme**
Dag Sætren	**Stad Arbeiderparti**	**1 stemme**
Inga Fagerbakke	**Stord Arbeiderparti**	**1 stemme**
Per Jarle Kosier Valvatne	**Stord Arbeiderparti/Medlem av fylkestinsgruppen**	**1 stemme**
Ulvar Akselsen	**Stord Arbeiderparti**	**1 stemme**
Jan Træen	**Stryn Arbeiderparti**	**1 stemme**
Inge Degnepoll	**Styremedlem i VAP**	**1 stemme**
Berit Hornnes	**Sunnfjord Arbeiderparti**	**1 stemme**
Håkon Myrvang	**Sunnfjord Arbeiderparti**	**1 stemme**
Sara-Marie Horsevik	**Sunnfjord Arbeiderparti**	**1 stemme**
Tore Loneland	**Sunnfjord Arbeiderparti**	**1 stemme**
Anette Torvund	**Ullensvang Arbeiderparti**	**1 stemme**
Vidar Solvi	**Ullensvang Arbeiderparti**	**1 stemme**
Tor Helge Tjemsland	**Ullensvang kommune**	**1 stemme**

Lisa Johnsen	**Vaksdal Arbeiderparti/Styret**	**1 stemme**
Inger Christin Hystad Barane	**Stord Arbeiderparti**	**1 stemme**
Lillian Vangberg	**Arbeiderpartiet i Bergen/Medlem av fylkestinsgruppen**	**1 stemme**
Line Berggreen Jacobsen	**Vestland/Styret**	**1 stemme**
Roy Egil Stadheim	**Vik Arbeiderparti**	**1 stemme**
Torbjørn Vereide	**Vestland/Stortingsrepresentant**	**Gjest**
Dzhuliya Eskina	**Vestland AUF**	**1 stemme**
Marte Alver	**Vestland AUF**	**1 stemme**
Mina Fredheim	**Vestland AUF**	**1 stemme**
Inger Johanne Seim	**Voss Arbeiderparti**	**1 stemme**
Linda Monsen Merkesdal	**Voss Arbeiderparti/Stortingsrepresentant**	**1 stemme**
Marianne Bjorøy	**Øygarden Arbeiderparti/Styret**	**1 stemme**
Christian Sønstlien	**Årdal Arbeiderparti/Styret**	**1 stemme**
Gaute Løseth	**Årdal Arbeiderparti**	**1 stemme**
Hilde Kvaale	**Årdal Arbeiderparti**	**1 stemme**
Jasmin Jasmin	**Årdal Arbeiderparti**	**1 stemme**
Kirsti Eklund	**Årdal Arbeiderparti**	**1 stemme**
Malvin Stenehjem	**Årdal Arbeiderparti**	**1 stemme**